

# MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 51/2006

Møtedato: 1.11.06

Arkiv nr:

## Forskrift om jakt, fangst og fiske i statsallmenning – endring av forskrift

Fjellstyret har frå Direktoratet for naturforvaltning motteke utkast til endringa av forskrift om jakt, fangst og fiske i statsallmenning. Uttale skal sendast Norges fjellstyresamband for oppsummering, innan 15. november 2006.

**§ 3.** Det blir lagt til felling i forskriftstittel. Det er mindre endringar i teksten. Det er m.a. presisering om fordeling mellom innan- og utanbygdsbuande ved avgrensing av fiske med stong. Dette følgjer også av fjellova.

**§ 4.** Endring av ordlyden der "sammenslåing" blir endra til "forvaltes felles".

**§ 6.** Krav om 2 og 3 dagars kort fell bort.

**§ 8.** Det er foresleget at fjellstyret kan vedta at jaktlag skal ha minimumstal på jegerar. Vidare er det ei presisering i regelen om jakt på privat grunn samtidig med jakt på statsallmenning. Det er mulig for fjellstyret å utelukke eller gjera om tildeling for jegerar/jaktlag som ikkje opplyser at dei har slik tilgang.

**§ 13.** Prisrammene er justert opp i forhold til konsumprisindeksen. Ved sal av jaktkort kan fjellstyret krevja depositum for jaktstatistikk.

**§ 15 og 16.** Paragrafane er nye og gjeld rapportering om felt vilt. Ved felling av elg eller hjort er det krav om at det rapporterast til oppsyn same dag som felling (§ 15). Ved feilfelling skal det rapporterst så raskt som mulig (§ 16).

## Vedtak:

Fjellstyret meiner at prisrammene på jakt og fiske bør følgje ein årleg justering av prisindeks utgangspunkt i DN sine prisar i utkast til ny forskrift. Dette vil fange opp prisendringar på ein langt betre måte enn stipulert prisauke for fem år framover. Dette gjer at det heller ikkje er nødvendig å ta opp ein omfattande prosess for endring av forskriftera når dette ikkje er nødvendig. Ut over dette har ikkje fjellstyret merknader til endringane som er foreslege.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 3.11.06

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: NFS